


Bak ei lukka dør



PSY
KOL
OGI

AVDUKING Som ein kunstnar som skal avdekke sitt hittils største og mest pretensiøse maleri, vegrar eg meg no for avdukinga. Her frå utstillinga av France Christo sitt verk «Wrapped portrait of Jeanne-Claude, 1963» Foto: AP Photo/Thibault Camus

Når døra knepp igjen, blir kontoret mitt til eit laboratorium.

TEKST

Arnstein Søvik

PUBLISERT **3. august 2020**

Bak ei lukka dør på kontoret mitt sitt ein mann^[1] og fortel om vanskane sine. Slikt skal ikkje skje bak denne døra. Dette er barne- og ungdomspsykiatrien, og det er mannens son som eigentleg er min tilviste pasient.

Døra inn hit er til forveksling lik ei heilt ordinær dør. Det er her fiksjonen byrjar. Døra er ein portal til ei verd av refleksjon og eksperiment. Den same døra bær også på ei lygn.

«Når ein terapeut byrjar å spørje,
veit ein aldri kvar ein endar»

Nokon trur døra er der for å bevare teieplikta og verne om pasienten. Men i realiteten vert den lukka og halden stengt av terapeuten. Kva hadde skjedd om vi opna døra? Hadde vi vore komfortable med at kven som helst kunne sjå oss drive med helande prosessar gjennom språk og samvær? Vi vegrar oss nemleg. Altfor få nyttar seg av videoretting. Pasientane våre seier som regel alltid ja til å bli filma. Terapeuten seier nei.

LES OGSÅ

Dansende piksler

Hvordan kan to kropper finne hverandre, to nervesystemer koble seg på hverandre, når de faktisk ikke er der sammen?

Laboratorium

Sonen sine vanskar hadde leda meg til foreldra. Forholdet mellom foreldra peika vidare til mannen. Når ein terapeut byrjar å spørje, veit ein aldri kvar ein endar.

«Eg trur eg er deprimert», seier han. Kona også seier det. «Dersom eg ikkje får hjelp, kjem ho til å gå frå meg.» Eg kjende at eg likte denne deprimerte faren. Det var noko autentisk og søkjande ved han. Eg gir han eit tilbod han ikkje kan seie nei til. «Du får tre timar her med meg.»

Når eg først har opna opp døra til kontoret mitt, kan eg kome med ei erkjenning. Eg har aldri vore komfortabel med å ha eit kontor. Romet er greitt nok, til og med døra. Det er sjølve ordet som øydelegger. Ordet kontor slektar på det latinske ordet computare, som tyder å telje saman. Vil eg at teljekunsten skal vera ein assosiasjon til mitt virke? I stillheit har eg difor døypt dette romet til laboratoriet mitt. Ein stad eg kan utføre eksperiment. Det er tross alt eksperiment eg driv med når eg lukkar verkelegheita ute og opnar opp for ein verden av refleksjonar og kjensler.

«Sendte eg verkeleg denne deprimerte og impotente mannen heim for å beføle kona si?»

Når vi forsøker å skape ein forskjell, gjer vi det med ei vissheit om at vi ikkje heilt sikkert kan vite resultatet. Dersom vi veit nøyaktig kva resultat handlingane våre vil få og vi kan gjenta dei gong på gong – då er det produksjon. Men terapi er ikkje produksjon.

Det er fem år sidan vi sist hadde sex, fortel denne mannen, noko nølande. Aldri før har han snakka om eigen seksualitet. Det er for vanskelig. Mannen går sjølv til behandling i vaksenpsykiatrien. Av ein eller annan grunn er det først no mannen innrømmer for seg sjølv at han ikkje klarar vere herre over eigen penis. Penis har same diagnose som språket, den sviktar når det trengst som mest.

Ingen kjenner denne røyndomen, sjølv ikkje kona. Ho lever i ein illusjon om at ho ikkje lenger er tiltrekkande nok for å skape den kjemiske reaksjonen. Ein kan sjølvsagt verte deprimert av mindre.

Sirkulere hypotesar

«Eg veit ikkje om det er speilnevron eller kva, men eg kjenner meg trygg»

Vi kjem fram til følgande hypotese: Depresjonen er egentleg ein forkledd impotens. Impotensen kjem truleg frå usikkerheit og blir forsterka av mangelen på ord. Samtidig vert relasjonen sett på prøve, eller manglande kommunikasjon, som nokon kallar det. Mannen forsikra meg, kona vil, om han hadde fått det til. Medikamentell behandling vert omsnakka. Det er mitt forslag. Men vegen til dei små blå opplevast som eit nederlag i seg sjølv. Eg må gjere noko. Helst noko lurt som ingen har tenkt på før. Å gi denne mannen ei konkret oppgåve er kanskje nødvendig. Samtidig veit eg at eit slikt eksperiment kan få forskjellige følgjer.

T: Eg har ei oppgåve til deg. I dag er det fredag. Eg skal ikkje bestemme når dette skal skje eller kvar i huset det skal skje. Det kan vere på vaskeromet, i garasjen, på stua eller inne på soveromet. Men i løpet av dei neste dagane, skal du snike deg inn på kona di. Du skal stryke hendene dine over kroppen hennar og fortelje henne kor tiltrekt du er av henne. Du skal bruke det du kan om kvinnekroppen og dine eigne hender til å beføle kona di. Du skal kjærteikne henne slik ho ynskjer at du skal, samtidig som du kviskrar i øyre hennar at no ynskjer du at ho skal nyte det du gjer med henne. Du skal ikkje ha samleie med henne. Trur du at kona di ville sett pris på det?

M: Ja. Det trur eg ho hadde likt.

T: Ok. Då tenker eg, basert på det du har fortalt meg om forholdet mellom dykk, at dette må verte neste steg.

Sjeldan har eg kjend på ein større ambivalens. Sendte eg verkeleg denne deprimerte og impotente mannen heim for å beføle kona si?

Ja, det var nettopp det eg gjorde. Det var det einaste eksperimentet som ikkje var prøvd.

Det går nokre veker til neste timen. Eg undrast om eg gjekk for langt. Mannen kjem tilbake. Som ein kunstnar som skal avdekke sitt hittils største og mest pretensiøse maleri, vegrar eg meg no for avdukinga. Kva tenker denne mannen om meg? Skamma er ikkje større enn nysgjerrigheita. Har eg lukkast? Er det perverst at eg vil kike inn på soveromet deira?

T: Husker du kva vi snakka om sist?

M: Ja, det husker eg godt.

T: Du gjer det. Kva tenker du om at eg var så direkte med deg? Gjekk eg for langt?

M: Nei, det tenker eg ikkje at du gjorde. Det var kanskje nødvendig.

T: Ok. Er dette noko vi bør bruke tid på i dag?

M: Ja, det tenker eg.

Han smiler forsiktig. Endeleg. Eg veit ikkje om det er speilnevron eller kva, men eg kjenner meg trygg. Han hadde bestemte seg for å gjennomføre oppgåva. Han ville det. Det gjekk ikkje den første dagen. Paret hadde ikkje vore intime med kvarandre på lenge, og det ulma i potensielle konflikhtar. Det gjekk ikkje andre dagen heller. Det kjendes kanskje litt betre, men ingen resultat. Kva med tredje dagen? Tja, noko skjedde. Eg vil ikkje vere ein kikkar meir enn nødvendig. Det kjem ei forteljing om intimitet. Rollene er reverserte. Det er kona som tek kontroll. Kva kommunikasjon som har skjedd mellom dei, vitas ikkje i detalj.

Kvifor

Dei færraste ser kva vi terapeutar eigentleg driv med bak døra. Ideane og teoriane frå bokhylla vert tolka og elta rundt i ein dialog med pasienten. Til slutt vert nokre anekdotar hamra inn og foreviga i ein journal. Kanskje er det eg driv med, heilt identisk med det alle andre gjer – kanskje er det heilt motsett.

I siste timen spør eg mannen om han trur samtalanene har hatt noko innverknad på sonen. Eg får servert faderlege refleksjonar om det emosjonelle klimaet og kva det betydde for sonen å oppleve, for første gong på lenge, at far og mor knisar til kvarandre. Utan at sonen skjønar kvifor.

[1] Den omtalte mannen er anonymisert og har samtykka til publisering.

Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 57, nummer 8, 2020, side 588-590

Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 57, nummer 8, 2020, side

TEKST

Arnstein Søvik, barnevernspedagog